

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
072/12	Formannskapet	06.06.2012	GES

Sakshandsamer: Georg Espenes

Arkivsaknr 12/736

1. TERTIALRAPPORT 2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Netto skatteinntektene (etter korrigering av inntektsutjamninga) vert redusert med kr 3 mill for 2012. Inndekning skjer ved bruk av årets mindreforbruk frå 2011 kr 2 329` og kr 671` frå disposisjonsfond, driftsføremål. Skattenivået vert vurdert på ny i samband med 2. tertial 2012.

Tertialrapporten vert elles teken til etterretning.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Saksdokument:

Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Denne utgreiinga er gjort etter at revidert statsbudsjett for 2012 er lagt fram:

I. Inntektssida til kommunen (ekskl. finansinntekter) har utvikla seg slik pr. 1/5-2012 i høve til 1/5 -2011. (Tal i 1000 kr.)

	PERIODE- BUD. 1/12	PERIODE- REKN.1/12	%	PERIODE- BUD. 1/11	PERIODE- REKN.1/11	%
Skatt	28 400	24 247	85	26 400	25 280	96
Eiged.skatt	5 000	0	0	4 800	4 857	101
Rammetilskot	37 407	45 517	122	36 355	42 803	118
Ref.stat for kap.utg.	571	148	26	578	151	26
Momskompensasjon	2 100	2 632	125	3 934	2 246	57
Konsesjonskraft, sal	300	109	36	167	89	53
Andre inntekter	16 097	13 346	83	16 886	13 409	79
Sum driftsinnt.	89 875	85 999	96	89 120	88 835	100
Resultat	3 876			285		

Skatt:

Budsjettet kr 93 096` på årsbasis. Skatteinntangen for 2011 var på kr 81,8 mill., 2,6 mill høgare enn budsjettet. Avviket mellom budsjettet skatteinntang og faktisk innbetalt skatt for dei fire første månadene 2012 er på kr 4 153`. Dersom tendensen held fram vil den faktiske skatteinntangen for 2012 verta om lag kr 84 mill., kr 9 mill lågare enn budsjettet .

For landet sett under eitt ser det litt betre ut. Medan Fusa kommune har fått om lag kr 4 mill mindre skatteinntekter for årets 4 første månadar enn tilsvarande periode i fjor har skatteinntektene for resten av landet auka med 2 %.

Eigedomsskatt:

Grunna forseinka framdrift i arbeidet er rekningar ikkje sendt ut for 1. halvår. Fusa kommune har budsjettert med kr 10 mill. i inntekt frå eigedomsskatten og vi reknar med at innbetalinga vert om lag som er budsjettert .

Rammetilskot:

Budsjett 2012 er på kr 111 230`. Om lag eller minst kr 3 240` av desse midlane ser ut for å gå med til samhandlingsreformen.

Med reduserte skatteinntekter skulle ein normalt forventast auka inntektsutjamning. Ny prognose over rammetilskotet utarbeidd av KS etter at skatteinntektene og innbyggjartalet pr 1/1-2012 er vorte kjent viser at inntektsutjamninga i rammetilskotet vil auka noko mindre på grunn av at folketalet er vorte redusert med 40 personar frå 1/1 - 2011 til 1/1 - 2012.

Vi mottar rammetilskot i hovudsak på grunnlag av talet på innbyggjarar men og på grunnlag av korleis dei ulike innbyggjarane i inntektssystemet er vekta. Når det gjeld innbyggjartilskotet og utgiftsutjamninga i rammetilskotet er det folketalet pr 1/7-2011 (3845 innb.) som vert lagt til grunn for utrekninga. For innbyggjartilskotet og utgiftsutjamninga vil reduksjonen i folketalet først få verknad i 2013.

Tala frå KS viser ei auke på kr 112` i auka rammetilskot til barnehagar og kr 51` i auka inntektsutjamning til saman kr 163`. Med andre ord vert det ingen endring inneverande år av betydning i revidert nasjonalbudsjett for Fusa kommune.

Kommunen sitt skattenivå var i 2011 på 93,3% av landsgjennomsnittet. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2012 tilsvarande 60% av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Statsrefusjon for kapitalutgifter:

Dette er midlar som kommunen mottar på grunnlag av tidlegare investeringar innan grunnskule, for psykisk utviklingshemma og psykiatri. Inntektene for 2012 vil verte om lag som budsjettert.

Momskompensasjon:

I samsvar med budsjett har Fusa kommune rekna med å få refusjon for kr 6,3 mill i momskompensasjon for 2012. Dersom inntektene held fram som no resten av året, vil vi kunne oppnå å innkassera momskompensasjon med om lag kr 7,8 mill. Det er for tidleg på året til å veta sikkert kor store inntektene vert, men årsaka til avviket må vera at fleire forseinka investeringsprosjekt er kome i gong. Viser til avsnitt seinare om framdrift på investeringane.

Konsesjonskraft, sal:

Inntekt ved sal av konsesjonskraft er vanskeleg å budsjettere med. Først må vi vite kor mykje konsesjonskraft Fusa kommune nyttar seg av dei 7,1 gwh som Fusa kommune har rett på. Det som vert til overs vert selt. Det er differansen mellom markedspris og fastsett konsesjonskraft som avgjer kor mykje vi får for overskotskrafta. Fusa kommune har budsjettert med kr 900` for 2012 medan det vart innbetalt kr 584` til Fusa kommune for sal av konsesjonskrafta i 2011.

Budsjettbeløpet er nok alt for høgt. Hittil i 2012 har vi motteke kr 108`.

Andre inntekter:

Tabellen viser at vi framleis ligg på etterskot med utfaktureringa av andre inntekter om lag slik som tilsvarende periode i fjor. Vi fakturerer etter anordningsprinsippet. Det vil sei at utestående beløp vert inntektsført utan omsyn til om dei er betalte eller ikkje. Inntektene gjeld gebyr av ymse slag til betaling for ulike tenester, sjukepengar, ø.mrk. statstilskot, refusjonar, forsikringsoppgjær m.m.

Desse inntektene er ofte større enn budsjettet ved årets utgang. Årsaka til det er at mange av desse inntektene ikkje vert budsjettet i samband med opphavleg budsjett. Budsjettvedlikehald må skje seinare når inntektene vert kjent som til dømes sjukepengar, øymerka inntekter og forsikringsoppgjær. I samband med øymerka tilskot hender det at inntektene kjem for seint i året til at dei kan verte nytta. Midlane vert då sett av i rekneskapen for bruk året etter. Dette vil ikkje gå fram av budsjettet.

Då det har vore spørsmål om korleis desse inntektene fordeler seg, har vi laga følgjande tabell som viser fordelinga pr 1/5-2012:

Konto	Kontotekst	Beløp	Budsjett	%
16	Salsinntekter	-8 854 364,09	-33 425 000,00	26,5
16000	Brukarbetaling	-3 875 251,68	-12 191 000,00	31,8
16200	Sal av varer, tenester, gebyr mm	-585 847,50	-1 808 000,00	32,4
16201	Sal kopiering	-2 000,00	-12 000,00	16,7
16202	Medisinsal	-3 334,00	-38 000,00	8,8
16203	Byggesaksgebyr	-279 357,00	-1 386 000,00	20,2
16204	Oppmålingsgebyr	-277 896,00	-1 214 000,00	22,9
16205	Gåver	-5 650,00	0,00	0,0
16206	Basar-og lotteriinntekter	-28 086,00	-20 000,00	140,4
16207	Merkamateriell	0,00	-8 000,00	0,0
16208	Skjenkeavgift	-600,00	-20 000,00	3,0
16290	Billettinntekter	-48 130,10	-92 000,00	52,3
16300	Husleigeinntekter	-1 153 582,00	-3 363 000,00	34,3
16401	Årsgebyr	-2 594 629,81	-6 704 000,00	38,7
16402	Tilknytningsavgift	0,00	-120 000,00	0,0
16900	Delte utgifter / internsals	0,00	-6 449 000,00	0,0
17	Refusjonar	-3 583 730,07	-14 866 000,00	24,1
17001	Fastlønstilskot	0,00	-335 000,00	0,0
17006	Andre ref. frå staten	-210 400,07	-504 000,00	41,7
17007	Øymerka statstilskot	-419 877,00	-8 801 000,00	4,8
17100	Refusjon sjukeløn	-2 151 029,00	0,00	0,0
17101	Refusjon fødselspengar	-407 828,00	-621 000,00	65,7
17102	Refusjon feriepengar	-248 425,00	0,00	0,0
17300	Refusjon frå fylkeskommunen	0,00	-155 000,00	0,0
17500	Refusjon frå andre kommunar	-27 929,00	-3 018 000,00	0,9
17501	Refusjon interkomm.selskap	0,00	-183 000,00	0,0
17701	Andre ref. og overf. frå private	-118 242,00	-329 000,00	35,9
17703	Telefongodtgj.,ikkje oppg.pl	0,00	-114 000,00	0,0
17900	Internsals	0,00	-806 000,00	0,0
18	Overføringar	-908 000,00	0,00	0,0
18107	Andre statlege tilskot	-150 000,00	0,00	0,0
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-758 000,00	0,00	0,0
1	Andre driftsinntekter	-13 346 094,16	-48 291 000,00	27,6

II Litt finansrapportering, rente og avdrag, status pr 1. tertial:

Fylkesmannen har i rundskriv tilrådd at vi må leggje opp til å betala minimum 4% av lånegjelda i åra som kjem. For 2012 har kommunen vedteke å betale kr 7 205` i avdrag.

Kr 7 205` vil oppfylle minimumskravet for ordinære avdrag. Den flytande utlånsrenta har auka frå 2005 og fram til hausten 2008 for deretter å falla vesentleg fram til eit botnnivå på 1,96% pr september 2009. Deretter har utlånsrenta auka litt etter kvart og i skrivande stund er den på 2,52%. Gjennomsnittsrenta på alle låna er no på 3 %. I økonomiplanen for 2012 – 2015 har vi rekna 4 % lånerente på nye lån. Med det har vi ein liten buffer dersom utlånsrenta går opp. Det er usikkert korleis renta vil utvikla seg i tida som kjem, men nokre analytikarar trur at renta vil halda seg låg eit år fram i tid for deretter å auka litt etter kvart i åra som kjem. Fusa kommune har 5 fastrentelån: Låna hos Husbanken, tils. kr 4 504` er fastrentelån til 3,1% rente med bindingstid fram til 01.12.15. I Kommunalbanken har vi tre fastrentelån; det eine på kr 31,8 mill til 3,9% har bindingstid fram til 1/7-2014, det andre på kr 15,3 mill. til 3,83% har bindingstid fram til 10.12.12 og det tredje på kr 18 mill. til 3,36% har bindingstid fram til 02.12.13. Det femte fastrentelånet i KLP til 3,58% på kr 21 mill har bindingstid fram til 09.12.16.

Fusa kommune får også betalt for innskotsmidlane som er plassert i bank til einkvar tid. I 1. tertial var innskotsrenta for kommunen sine bankinnskot på 3,55%.

Tabellen nedanfor viser stort sett samsvar mellom budsjett og forventa rente og avdragsutgifter for 2012 Status for rente og avdragsutgiftene ser da slik ut:

Årstal	2012
Forventa renteutgifter	6630
Forventa renteinntekter	1500
Nettorente	5130
Budsjett 2012	5219
Forventa innsparing	-89
Forventa avdragsutg., 4%	7628
Budsjett 2012	7205
Forventa auke	423

III. Utgiftssida si utvikling (ekskl. finansutg.og interne overføringer):

(Tal i 1000 kr og bruttotal dersom ikkje anna framgår.)

	PERIODE- BUD. 1/12	PERIODE- REKN.1/12	%	PERIODE- BUD. 1/11	PERIODE- REKN.1/11	%
Løn	70 025	72 238	103	62 858	62 229	99
Vare/tenestekjøp	15 544	14 820	95	16 829	15 005	89
Overføringer	4 043	8 208	203	3 690	7 408	201
Sum	89 612	95 266	106	83 377	84 642	102
Resultat	-5 654			-1 265		

Tabellen viser at samla forbruk på alle tabellartane i høve til budsjett har vorte forverra i høve tilsvarende periode i fjor.

Overforbruket på overføringer skuldast dels at heile tilskotet til Fusa sokneråd for 2012 er bokført, dels at mange overføringer vert dekkja av eksterne refusjonar i ettertid. Overføringane er derfor under kontroll.

Det er likevel for tidleg å sei korleis situasjonen vil utvikla seg resten av året. Dette gjeld både løns og pensjonsutgiftene. Elles har det mykje å sei korleis dei utgiftene som har gått med grupperer seg, om dei representerer eingongsutgifter eller utgifter som fordeler seg over heile året. Totalt sett er det ein pressa situasjon og einingane/dei med budsjettansvar må følgje utviklinga nøye i tida som kjem.

IV Driftsutviklinga 1. tertial 2012 rekneskap i høve til budsjett 2012 og rekneskap 2011 for dei ulike einingane/ansvarsområda:

År - 2012 Periode tom - 04:

KI	Ansvar	Reknsk 2012	Bud 2012	Reknsk 2011	Forbr%
1 10	Folkevalde organ og revisjon	996 042,70	4 255 000,00	3 509 216,04	23,4
1 11	Sentraladministrasjonen	2 758 692,95	8 258 000,00	7 394 570,03	33,4
1 12	Adm.lokale og fellesutgifter	4 731 523,10	18 342 000,00	11 066 189,94	25,8
1 13	Felles skular og barnehagar	3 023 764,04	7 160 000,00	5 445 107,42	42,2
1 14	Byggjesak, oppmåling, brann	1 981 923,61	4 024 000,00	4 929 108,12	49,3
1 15	Kyrkjer m.m.	3 567 000,00	3 647 000,00	3 520 791,32	97,8
1 16	Kulturskulen	716 479,11	2 300 000,00	1 840 641,37	31,2
1 17	Kultur og idrett	406 501,08	2 903 000,00	2 745 288,69	14,0
1 18	Legetenesta	2 238 154,37	5 259 000,00	6 476 536,17	42,6
1 22	Fusa ungdomsskule	5 884 588,00	14 740 000,00	14 941 280,64	39,9
1 23	Nore Fusa oppvekstsenter	2 756 091,01	8 206 000,00	7 406 258,27	33,6
1 24	Jettegryto barnehage	1 776 652,04	5 012 000,00	5 003 324,76	35,4
1 25	Eikelandsosen skule	2 724 744,50	7 329 000,00	7 400 049,63	37,2
1 26	Holdhus oppvekstsenter	2 808 701,02	8 152 000,00	7 026 555,18	34,5
1 27	Søre Fusa oppvekstsenter	2 311 023,20	6 032 000,00	5 904 496,49	38,3
1 28	Strandvik oppvekstsenter	2 204 734,88	6 241 000,00	6 088 510,80	35,3
1 29	Fusa oppvekstsenter	3 968 410,02	9 898 000,00	9 382 681,10	40,1
1 32	Barn, familie og velferd	3 898 879,22	12 018 000,00	11 191 000,57	32,4
1 33	Heimetenester	13 141 781,90	32 460 000,00	28 361 129,49	40,5
1 34	Rehabilitering	2 089 346,33	5 328 000,00	4 853 885,51	39,2
1 35	Fusa bu- og behandlingssenter	13 359 215,21	35 648 000,00	34 805 617,60	37,5
1 42	Teknisk drift	1 273 250,94	4 817 000,00	6 594 757,21	26,4
1 60	Landbruk	737 563,08	1 127 000,00	1 273 760,45	65,4
1 9	Skatt, rammetilskot, finansar mm	-68 716 066,13	-213 156 000,00	-197 160 756,80	32,2
1	Sum nettoutgift drift	10 638 996,18	0,00	0,00	

KOMMENTARAR:

Generelt om alle einingane/ansvarsområda:

Den generelle årslønsveksten 2011 – 2012 for kommunesektoren var i statsbudsjettet rekna til 4 % for deretter å verta redusert til 3,75% i revidert nasjonalbudsjett. Da det for tida er streik, veit vi ikkje kva resultatet vil verta. Budsjettansvara/einingane har ikkje fått kompensasjon for lønsauke som følgje av lokale forhandlingar hausten 2011 med verknad for 2012. Ein reknar med å finna dekning for auka pensjonsutgifter og reguleringspremie i 2012 frå tilleggsløyvingskonto dersom resultatet ikkje går utover rammene som vart sett i statsbudsjettet.

Det er utarbeidd rekneskapsrapport som detaljert og i samandrag gjev status og oversikt over alle einingar og budsjettansvar. Ein er stort sett a jour med føring av utgiftene medan vi ligg etter med føring av inntektene i høve tilsvarende inntekter bokført på same tid året før. Ein er derimot ikkje a jour med internføringa, avsetjingar og finansiering av drifta - dette er likevel heilt normalt på denne tida. Da lønsutgiftene utgjer om lag 70 % av netto driftsutgifter er det derfor viktig at alle ansvarsområda følgjer godt med på lønsutviklinga i løpet av året.

Fusa kommune har vedteke nettobudsjettering for verksemda. *Det vil sei at bruttoutgiftene vert korrigerert for inntektene med omsyn til om det er oppnådd budsjettbalanse eller ikkje.* Mange av inntektene vert ikkje kjent før på slutten av året. I kommentarfeltet til einingane er brutto driftsutgifter kommentert for fleire av einingane i tillegg til netto driftsutgifter. Årsaka er at kvaliteten på talmaterialet for bruttoutgiftene så langt i året er betre enn tilsvarande talmateriale for bruttoinntektene.

Nokon av einingane har utfordringar med å få tak i nok folk både faglærte og ufaglærte. Dersom kommunen i større omfang må ut å kjøpa tenester hos private tilbydarar for å avhjelpe etterspurnaden på arbeidskraft kan det verta dyrt for kommunen. Ein slik situasjon hadde vi i 2009, men det kan sjå ut for at noko av problemet kjem på retur i år.

Kvar av einingane/ansvarsområda:

10	Folkevalde og revisjon	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis. Årsrekneskapen for 2011 syner at dersom vi legg til grunn same aktivitet i 2012 som i 2011 må næringsfondet styrkast med minst kr 300`.
11	Sentraladm.	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis
12	Adm.lokale og fellesutg.	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis
13	Felles skular og barnehagar	Netto overforbruk pr 1/5 er alt for høgt. Brutto driftsutgifter er ok. Det er inntektssvikt pr 1/5 og dette skriv seg i stor grad frå manglande ajourhald av diverse inntekter som kunne ha vore inntektsført. I tillegg er det forventa inntekter frå andre kommunar. Eininga hadde netto overforbruk i 2011. Ein reknar likevel med budsjettbalanse på årsbasis
14	Byggjesak, oppmåling,brann	Netto overforbruk pr 1/5 er alt for høgt. Brutto driftsutgifter er ok. Det er inntektssvikt pr 1/5. Det siste skriv seg i stor grad frå manglande ajourhald av utfakturering av oppmålingstenester og andre gebyr. Eininga hadde netto overforbruk i 2011. Eininga må jobba aktivt resten av året for å unngå budsjettsprekk.
15	Kyrkjer	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
16	Kulturskulen	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
17	Kultur og idrett	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
18	Legetenesta	Netto overforbruk pr 1/5 er alt for høgt. I 2010 og 2011 var det meirforbruk. Det er på lønsområdet at meirforbruket er størst. Det går føre seg ei omorganisering av legetenesta med tanke på innsparing. Dette vil ta tid og det vil derfor verta vanskeleg å oppnå budsjettbalanse i 2012.
22	Fusa ungdomsskule	Netto forbruk pr 1/5 er for høgt. I tillegg er brutto driftsutgifter for høge. Overforbruket er om lag som for tilsvarande periode i fjor og 2010 og 2011 vart avslutta med meirforbruk. Eininga har mange uteståande refusjonar som vil kunna avhjelpa situasjonen. Eininga må jobba aktivt resten av året for å unngå budsjettsprekk.
23	Nore Fusa oppvekstsenter	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
24	Jettegryto barnehage	Netto forbruk pr 1/5 er litt for høgt, noko som skuldast manglande ajourhald av inntektsføringar. Vi reknar derfor med budsjettbalanse på årsbasis.

25	Eikelandssosen skule	Netto forbruk pr 1/5 er for høgt. I tillegg er brutto driftsutgifter for høge. Det er lønsutgiftene som er for høge. I 2011 hadde eininga meirforbruk. Eininga slit ein del med ekstrautgifter knytt til einskildelevar og ulike tiltak i samband med dette. Eininga må jobba aktivt resten av året for å unngå budsjettsprekk.
26	Holdhus oppvekstsenter	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis
27	Søre Fusa oppvekstsenter	Netto forbruk pr 1/5 er for høgt medan brutto driftsutgifter er ok. Uteståande refusjonar vil avhjelpa totalsituasjonen. Eininga må jobba aktivt resten av året for å unngå budsjettsprekk
28	Strandvik oppvekstsenter	Netto forbruk pr 1/5 er ok. Eininga hadde eit meirforbruk i 2011. Eininga bør kunne oppnå budsjettbalanse på årsbasis.
29	Fusa oppvekstsenter	Netto forbruk pr 1/5 er for høgt, men brutto driftsutgifter er akseptabel. Uteståande krav vil i løpet av året avhjelpe situasjonen. Reknar derfor med budsjettbalanse på årsbasis.
32	Barn, familie og velferd	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
33	Heimetenester	Tabellen viser overforbruk pr 1/5 medan brutto driftsutgifter er om lag som førre år pr 1/5. Dette skuldast i hovudsak at kr 8 mill. til ressurskrevjande tenester ikkje er inntektsført. Lønsforbruket er litt høgt, men ikkje større enn at det er løyseleg. Sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis. Heimetenestene har elles høgt sjukefråvær og auka rekrutteringsproblem. Utdfordring å få dekkja inn personalbehovet.
34	Rehabilitering	Netto forbruk pr 1/5 er for høgt medan brutto driftsutgifter er ok. Dette skuldast i hovudsak manglande ajourhald av inntekter. Vi reknar derfor med budsjettbalanse på årsbasis.
35	Fusa bu og beh. senter	Netto forbruk pr 1/5 er for høgt og brutto driftsutgifter er også for høgt. For høgt lønsforbruk er årsak til at bruttoutgiftene er for høgt. Forbruket er høgare enn på same tid i fjor og da fekk eininga overforbruk på årsbasis. Eininga har mange uteståande refusjonar og manglande ajourhald på inntekter som skal først. Dette vil avhjelpa noko av situasjonen. Eininga må jobba aktivt resten av året for å unngå budsjettsprekk. Eininga har god kompetanse, behandlar pasientar som andre sjukeheimar ville lagt inn på sjukehus. Eininga har auka rekrutteringsproblem og må bruka vikarbyrå for å dekke behovet. Dette er dyrare løysingar for kommunen.
42	Teknisk drift	Eininga hadde eit stort overforbruk i 2011. Pr 1/5 ser det likevel bra ut. Både nettoutgift og brutto driftsutgifter er låge for årstida og lågare enn tilsvarende periode i fjor. På denne bakgrunn vert det forventa budsjettbalanse på årsbasis.
60	Landbruk	Netto overforbruk pr 1/5 er for høgt, medan bruttoutgiftene er ok. Dette skuldast at ein ligg på etterskot i samband med refusjonskrav. Når inntektene er på plass reknar ein med budsjettbalanse på årsbasis.

INVESTERINGSBUDSJETTET.

Prosjektrapport 1. tertial 2012.

Slamavskiljar Helland - prosjekt 020

Prosjektet er i hovudsak sett på vent på grunn av manglande finansiering.

Hovudplan vassverk – prosjekt 030

Her er legging av hovudvassleidning på siste stykket fram til Nore Fusa skule ferdig. Prosjektet omfatta også ferdigjering av ein mindre kloakkpumpestasjon for å få tilfredsstillande avlaup for ein bustad som mista sitt private avlaupsanlegg som fylgje av fylkesvegbygginga. Arbeidet vart gjort samtidig med vegvesenet si utbetring av fylkesvegen og bygging av gang- og sykkelveg. Budsjettsummen er ubrukte midlar frå 2011. Sluttoppgjer ligg ikkje føre enno, men vil vera innafør kostnadsoverslag og budsjett.

Budsjett:

2011	2012	2013	2014	2015	Sum
1 100 000					

Trafikksikring RV552-Opsalmarka - Prosjekt 070

Bygging av gangbru over RV552 med gang- og sykkelveger langs RV552 og langs veg til Opsalmarka har vore ute på anbod med anbodsopning 16.02.12. Det kom inn 2 anbod. Sum alle fag, prosjekteringskostnader, uforutsette utgifter mm. er brutto kr. 1 100 000,- høgare enn løyvd til trafikksikringstiltak.

Til prosjektet 070, trafikksikring vegar, kryss RV552/Opsalmarka, er det løyvd 4,1 millioner kroner. Av disse er kr. 325 000,- brukt på trafikksikringstiltak (reguleringsplanar) på Rød, Holdhus og Baldersheim. Prosjektet manglar dermed en finansiering på kr. 1 425 000,-. Prosjektet er eit veganlegg der det berre skal betalast meirverdiavgift på varer. Meirverdiavgifta er rekna til kr. 500 000,-. Avgifta kan variera litt avhengig av korleis entreprenøren utfører jobben.

Det blir arbeidd med ekstern finansiering av tilleggskostnaden.

Bevilga

2010	2011	2012	2013	2014	Sum
2 500 000	1 100 000	500 000			4 100 000

Nore Fusa Oppvekstsenter – prosjekt 161

Etter vedtak om investeringsstopp har det ikkje vore aktivitet på byggjeplassen.

Dersom investeringsstopp på dette anlegget blir ståande, må anlegget avsluttast.

Det må takast stilling til korleis området skal opparbeidast. Gjerde, kummar og røyr må gjerast ferdig. Mellom anna er jord til arrondering lagt i depot utanfor byggjeplass.

Budsjett:

2009	2010	2011	2012	2013	Sum
2 000 000	250 000	4 375 000	4 375 000		11 000 000

Kommunale bygg - prosjekt 180

Prosjektet "Kartlegging kommunale bygg" nærmar seg avslutning.

Sluttrapport vert teken opp som eiga politisk sak.

Radonmålingar, som er ein del av dette prosjektet, har vist at me har noko utfordring med radon. I hovudsak gjeld dette Kommunesynet, men me har enkeltrom og enkeltmålingar i andre bygg som me må fylgja opp.

Førebels har me teke tak i Kommunesynet og Nore Fusa skule.

Kommunesynet - her har me endra driftsmønsteret på ventilasjonsanlegg. Startar tidlegare og går på heil fart heile tida. Gjennomført kontrollmålingar, desse visar at med aktiv bruk av ventilasjon så nærmar me oss målet, men me ligg framleis over grenser. Det er gjennomført reingjering av kanalsystem og regulert inn anlegget på nytt. D.v.s. me prøver å ha eit overtrykk på enkeltrom og i heile bygningen - dette for å hindra inntrenging av gass frå grunnen. Skal no skifta filter i ventilasjonsanlegg og så gjennomføra nye radonmålingar. Fusa kommune må rekna med å gjennomføra ytterlegare tiltak på bygninga. Kva dette kan kosta er det uråd å meina noko om i dag.

Nore Fusa skule - har kontrollmålt radoninnhaldet i brukstida med ventilasjon i gang.

Har endra litt på driftsmønsteret på ventilasjonsanlegg.

Radoninnhaldet er innanfor krava når ventilasjon går i bygningen.

Dette vil bli fylgd opp med nye kontrollmålingar til hausten.

Det blir arbeidd vidare med Radonproblematikken, m.a. er ventilasjonsanlegget i

Kommunesynet ferdig innregulert. Prosess for å få godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern for skular og barnehagar er under igangsetjing.

Fusa Symjehall – prosjekt 241

Det har oppstått usemje på fleire punkt mellom mur- og flisentreprenør og kommunen, arbeidet for dette faget har stoppa opp. Det har vore gjennomført drøftingsmøte mellom partane. Mest sannsynleg løysing er anten at entreprenøren fullfører arbeidet til ein avtalt fastpris med tilhøyrande frist, eller at kontrakta vert avslutta og entreprenøren får oppgjort for utført arbeid etter prisane i kontrakta. Kommunen har halde att pengar på grunn av manglande bankgaranti. Siste utveg er at kommunen hevar kontrakta på grunn av misleghald.

Kommunen tek sikte på avklaring i veke 22. Uansett vert ferdigstilling av anlegget forseinka. Dersom kommunen må ut på ny anbudsrunde vil anlegget neppe kunna takast i bruk før på nyåret 2013. Økonomisk vil dette tilhøvet kunna ha ein konsekvens, men før ein kjenner løysinga på usemja er det vanskeleg å sei noko om storleiken.

All riving og oppbygging av nye konstruksjonar er på det nærmaste ferdig, og klar for fliselegging. Vidare prosjektoppføljing krev streng økonomistyring då vi alt no har brukt mykje av posten for uforutsett. Alle betongskadar er no avdekt, men reelle reparasjonskostnader er ikkje avrekna mot kontrakt. Prosjektet ser per dags dato ut til å bli 1,5 månadar forseinka.

Budsjett:

2011	2012	2013	2014	2015	Sum
7 700 000					7 700 000

Eikhovdaheimen - Prosjekt 250

Etter at kommunen har gjort nokre mindre endringar av planane, har arbeidstilsynet gjeve godkjenning.

Det er halde oppstartmøte med entreprenørane, og arbeidet er i ferd med å bli starta opp.

Arbeidstilsynet har gitt avslag om samtykke etter arbeidsmiljøloven på ombygging av Eikhovdaheimen. Tilsynet hadde 4 pkt. som grunnlag for avgjera. 3 av punkta er bagatellar, mens det 4. punktet skapar ein del problem.

Sintef/Byggforsk og Husbanken krev 1,4 meter fri plass på ei side, og 0,8 meter fri plass på andre side og gavlf på seng i soverom. Dette kravet er oppfylt.

Arbeidstilsynet sin forvaltningspraksis krev 1,4 meter fri plass på alle 3 sider. Det er ikkje mogeleg å stetta dette kravet innanfor eksisterande bygningskropp.

Vedtaket er påklagd, men vi har bedt om oppstartløyve der vi fjernar vegg, eller set opp ein lett demonterbar elementvegg mellom stue og soverom.

Budsjett:

2011	2012	2013	2014	2015	Sum
9 300 000					9 300 000

IKT – Prosjekt 100

Budsjettmidlane frå årets budsjett vil snart verta oppbrukt. Truleg har ein nytta noko av budsjettmidlane til investering i stadenfor på drift. Dette må evt korrigerast. Budsjettmidlane har gått med til økonomiprojektet og pleie og omsorgsprogram (Notus/turnusplanlegging og Gericafakturering).

Ny programvare for personalsystem (Webcruiter) skal takast i bruk i løpet av året. Vi håper også å ta i bruk ein ny budsjettmodul og truleg også ny programvare for månadsrapportering. Dekning av utgiftene ved bruk av unytta lånemidlar så langt dei rekker.

Oppsummering:

Frie inntekter, momskompensasjon m.m.:

Når det gjeld dei frie inntektene er den økonomiske situasjonen pr 1/5 vorte forverra i forhold til same periode i fjor. Vi reknar med at skatteinntekter vil verta bortimot kr 9 mill lågare enn budsjettert. Når skatteinntektene for resten av landet vert høgare enn først estimert, kan vi i håpa på auka inntektsutjamning i rammetilskotet. På den andre sida er innbyggjartalet redusert og det trekk i motsett retning. Nettotap som følgje av reduserte skattar og inntektsutjamning vert berekna til kr 3,5 mill.

Når det gjeld inntekter frå momskompensasjonen, ser det no ut til at det vil gå betre enn i fjor og at vi kan håpa på inntektsauke på kr 1,5 mill i forhold til budsjettert. Dette er avhengig av at vi får på plass budsjetterte inntekter frå momskompensasjonen og at framdrifta på investeringane ikkje vert forseinka. No er det slik at auka inntekter frå momskompensasjonen berre vil avhjelpa driftssituasjonen delvis av di 60% av inntektene skal inntektsførast i investeringsrekneskapen.

Lønsoppgjeret:

Vi hadde rekna med 4 % lønsauke i 2012. I revidert nasjonalbudsjett for 2012 er lønsveksten rekna til 3,75 %. Det er i skrivande stund enno usikkert kva som vert resultatet og lønstakarar er teke ut i streik. Fusa kommune har ikkje midlar til å møte meirutgifter utover det som var stipulert i samband med framlagt statsbudsjett hausten 2011. Dersom det vert ytterlegare lønsauke må vi koma tilbake til hausten med eventuell dekning.

Det er derfor viktig at vi ikkje tapper disposisjonsfondet meir enn det som følgjer av denne rapporten.

Driftsrammer:

Fusa kommune hadde eit driftsunderskot samla sett for alle einingane i 2011. Oversikta i rapporten viser at fleire einingar enno slit med å oppretthalde budsjettbalansen. Fusa kommune må treffa tiltak dersom ein vil unngå driftsunderskot på einkilde einingar.

Fylkesmannen, skriv m.m.:

Fylkesmannen har i ulike skriv påpeika at Fusa kommune må opparbeida eit positivt netto driftsresultat på 3% av driftsinntektene i samsvar med KS sin anbefaling. Det er viktig for å kunna setja av midlar til å møte ei mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette viser at Fusa kommune må halde fram med effektivisering av verksemda.

Som kjent er det i vedteke økonomiplan for 2013-2015 budsjettet med driftsunderskot på bortimot kr 4 mill. , så i forhold til fylkesmannen sine skriv har vi langt igjen før vi når målet om 3% .

Fondsmidlar:

Årsrekneskapen for 2011 syner at konto for disposisjonsfond, driftsføremål ledige midlar er nesten tømt. Kontoen vart i 2011 redusert med kr 8,3 mill.

Det står berre ca kr 1,9 mill att på fondskontoen pr 01.04 - 2012.

Situasjonen med så få ledige fondsmidlar er alvorleg med tanke på at kommunen sårt treng buffer dersom uventa situasjonar med meirutgifter eller inntektssvikt skulle oppstå.

I framlegget til vedtak går årets mindreforbruk frå 2011 kr 2 329`med til dekning av reduserte inntekter frå skatt og inntektsutjamning. Det betyr at disposisjonsfondet ikkje får tilført nye midlar frå 2011.